



*sparebanken  
sogn og fjordane*

## **Policy for samfunnsansvar og berekraft for bedriftsmarknad**

## Innholdsliste

|        |  |    |
|--------|--|----|
| 1      | Føremål .....  | 4  |
| 2      | Bakgrunn .....   | 4  |
| 3      | Ansvar.....  | 5  |
| 4      | Prinsipp og forpliktelsar.....   | 5  |
| 5      | Overordna berekraftsstrategi .....   | 6  |
| 6      | Samfunnsansvar i kredittgjevinga: Vurderingar av enkeltbransjar og generelle kriterium ..... | 6  |
| 6.1    | Generelle retningslinjer for kredittgjeving til aktivitetar med auka risiko .....            | 6  |
| 6.1.1  | Eigarstyring, kvitvasking og korrupsjon .....  | 7  |
| 6.1.2  | Tilsette sine rettigheter .....  | 8  |
| 6.1.3  | Likestilling og barnearbeid.....   | 8  |
| 6.1.4  | Vern av vasskjelder .....  | 8  |
| 6.1.5  | Vern av naturmangfald .....  | 8  |
| 6.1.6  | Genmodifiserte organismar .....  | 9  |
| 6.1.7  | Utnytting av krisar og sårbare individ .....   | 9  |
| 6.1.8  | Gruvedrift.....  | 10 |
| 6.1.9  | Omstridt våpenproduksjon, pornografi og tobakksindustri.....                                 | 10 |
| 6.1.10 | Kolkraft, kolutvinning og anna kontroversiell energiproduksjon.....                          | 10 |
| 6.1.11 | Oljenæringa og leverandørindustri til oljenæringa.....                                       | 11 |
| 6.1.12 | Kryptovaluta .....   | 11 |
| 6.1.13 | Oppsummert .....   | 12 |
| 6.2    | Forventningar og krav til våre bransjar .....  | 12 |
| 6.2.1  | Jordbruk (landbruk og skogbruk).....   | 12 |
| 6.2.2  | Fiskeri.....   | 13 |
| 6.2.3  | Havbruk .....  | 13 |
| 6.2.4  | Industri og bergverk.....  | 14 |
| 6.2.5  | Bygg- og anleggsverksemd .....   | 14 |
| 6.2.6  | Eigedom .....  | 15 |
| 6.2.7  | Kraft.....   | 16 |
| 6.2.8  | Land- og sjøtransport .....  | 16 |
| 6.2.9  | Petroleumsverksemd.....  | 17 |
| 7      | Klimarisikovurderingar i kredittprosessar .....  | 17 |
| 7.1    | Klimarisikovurdering.....  | 18 |
| 7.2    | ESG-scoring.....   | 19 |
| 7.3    | Oppfølging, kontroll og tiltak.....  | 19 |
| 8      | Grønt rammeverk.....   | 19 |
| 8.1    | Tilpassa EU-taksonomien .....  | 20 |
| 8.2    | Bruk av midlar .....   | 20 |
| 9      | Offentleggjering .....   | 20 |

## Dokumentkontroll

|                      |                                       |
|----------------------|---------------------------------------|
| Eigar og godkjenner: | Kredittutvalet                        |
| Ansvarleg:           | Kreditsjef                            |
| Produsent:           | Berekraftsavdelinga                   |
| Revidert av:         | Berekraftsgruppa og bransjeansvarlege |
| Oppretta dato:       | 11.11.2022                            |
| Sist oppdatert:      | 07.05.2024                            |

## 1 Føremål

Sparebanken Sogn og Fjordane har eit ansvar å vere ein drivkraft for berekraftig utvikling av næringslivet i regionen. For å nå dette målet har banken laga denne policyen med føremål å bidra til å sikre at banken når sine finansielle mål på lang sikt, og gir tydelege føringar til kundefrådgjevarar i kredittarbeidet. I tillegg til å bidra til berekraftig utvikling, skal policyen inspirere banken sine kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar til å forplikte seg til å ta omsyn til klima og miljø, sosiale forhold og ansvarleg verksemdsstyring.

Sparebanken Sogn og Fjordane har høg etisk standard, og vil ikkje vere eller bli forbunda med aktivitetar, kundar eller bransjar som har eit dårleg renommé eller driv i strid med nasjonal og internasjonal offentleg lov, forskrift og pålagte miljøkrav.

Mange av bedriftskundane som banken yter kreditt til, driver verksemd som kan ha ein påverknad på miljøet. Gjennom kredittgjevinga har banken indirekte påverknadsmoglegheiter på det ytre miljøet. Derfor legg banken sin kredittstrategi stor vekt på å sjå kundefrådgjevinga i eit langsiktig perspektiv. Banken si kredittvurdering og løypande oppfølging av kundar skal også omfatte kundefrådgjevinga sin innverknad på klima, miljø og sosiale forhold.

Denne policyen gjeld for alle tilsette som er involvert i kredittgjeving til bedriftskundar.

## 2 Bakgrunn

Banken har uttalt at klima og berekraft skal integrerast som ein naturleg del av drifta. Vi skal vere ein støttespelar og sikre økonomisk aktivitet og verdiskaping i regionen vår. I berekraftsstrategien for 2022-2024<sup>1</sup> har vi framheva at vi skal løfte næringslivet i regionen vår sin kompetanse på berekraft, og kartlegge krav og forventningar vi skal sette til kundane våre, og oss sjølve. Dette er hovudessensen til kvifor vi har utarbeida denne policyen.


---

<sup>1</sup> Berekraftsstrategi 2022-2024 [Sparebanken Sogn og Fjordane | SSF](#)



### 3 Ansvar

Kreditsjef i Sparebanken Sogn og Fjordane har ansvar for etterlevinga av *policy for samfunnsansvar og berekraft for bedriftsmarknaden*. Disse retningslinjene byggjer på banken sitt kredittrammeverk, herunder kredittpolitikk, kredittstrategi og kreditthandbok (sjå figur under). Kvart år vil banken rapportere på etterleving av policyen. Dette vil skje gjennom banken sin årlege berekraftsrapportering.



### 4 Prinsipp og forpliktelsar

Banken har slutta seg til fleire nasjonale og internasjonale forpliktelsar, berekraftsinitiativ og rammeverk.<sup>2</sup> Desse legg føringane for berekraftsarbeidet i banken, saman med berekraftsstrategien 2022-2024:

- FNs berekraftsmål
- UN Global Compact
- The Women's Empowerment Principles
- Klimapartner Vestland
- UNEP Finance Initiative
- Kvinner i Finans Charter

<sup>2</sup> [Initiativ vi støttar | SSF](#)



- Miljøfyrtårn

## 5 Overordna berekraftsstrategi

Sparebanken Sogn og Fjordane er engasjert i å fremje økonomisk vekst både i Sogn og Fjordane og elles i landet, gjennom å støtte lønsame prosjekt og investeringar. Vår tilnærming til berekraft er integrert i kredittvurderingsprosessen der vi fokuserer på miljømessige (E), sosiale (S) og styringsmessige (G) faktorar for å evaluere korleis bedriftene arbeider med berekraft.

Vi legg stor vekt på kontinuerleg kompetanseheving innan klima- og naturrisiko for våre tilsette. Vidare organiserer vi eksterne arrangement med fokus på berekraft for å spreie kunnskap og fremje forståing for kva banken forventar og krev av våre kundar.

Som finansinstitusjon bidrar vi direkte gjennom å tilby grønne næringslån til kundar som ønskjer å gjere berekraftige investeringar eller omstille verksemda til det grønne skiftet. Våre kunderådgivarar er utstyrte med djuptgåande kunnskap om berekraftige løysingar og forståing for framtidige krav og forventningar som bedriftene bør vere førebudde på.

Gjennom denne integrerte tilnærminga ønskjer vi å auke medvitet blant næringskundane om deira påverknad på og sårbarheit for klimaendringar, og motivere til tiltak for å redusere klimarisiko og eigne utslepp.

## 6 Samfunnsansvar i kredittgjevinga: Vurderingar av enkeltbransjar og generelle kriterium

For å sikre at vår finansiering bidreg til ein meir berekraftig samfunnsutvikling, har banken i sin berekraftsstrategi 2022-2024 hatt som mål å utforme klare krav og forventningar til våre bedriftskundar og oss sjølve. Gjennom dette arbeidet har vi etablert eit rammeverk som skal rettleie oss i valet av prosjekt og verksemdar som vi finansierer, og som i tillegg sett klare krav og forventningar til eksisterande og nye kundar som vi samarbeider med. Dette rammeverket synleggjer særleg kva aktivitetar som har høgare berekraftsrisiko enn andre, og som difor vil vere særleg viktig for oss å vurdere nøye før eventuell finansiering vert gitt.

### 6.1 Generelle retningslinjer for kredittgjeving til aktivitetar med auka risiko

Det handlar om meir enn det å tene pengar. Det er ikkje uvesentleg for oss kva kundane våre driv med. Banken er difor oppmerksom på sider utover det reint finansielle for alle kundeforhold. Vi er opptekne av at våre kundar er miljøbevisste, bryr seg om samfunnet rundt



oss og driv god verksemdsstyring. Vi ønskjer, saman med kundane våre, å bidra til at lokalsamfunna, regionen og verda elles blir meir berekraftig.

På bakgrunn av vårt samfunnsansvar og verdiar, er det enkelte næringar og aktivitetar som vi ikkje ønskjer å yte finansiering til. Andre næringar kan ha høgare risiko knytt til miljø-, samfunns-, og verksemdsstyringsspørsmål. Då stiller vi ekstra krav til desse.

Banken forventar at våre kundar respekterer og etterlev prinsipp som er nedfelt i:

- Menneskerettane (som beskrivne i FNs veiveldande prinsipp for næringsliv og menneskerettar)
- Parisavtalen
- Arbeidsmiljølova
- ILO Declaration on Fundamental Principles and Rights at Work
- ILO Minimum Age Covention
- Personopplysningslova
- Korrupsjonskonvensjonen
- Kvitvaskingslova
- Skattelova
- Likestillings- og diskrimineringslova
- Naturmangfaldslova og Svalbardmiljølova
- Våtmarkskonvensjonen (Ramsarkonvensjonen)
- Forureiningslova
- Rekneskapslova
- Dyrevelferdslova

Dette er ikkje ei uttømmende liste over prinsipp, reglar og lovverk som vi forventar at kundane våre etterlev. Enkelte kundar har verksemd innanfor bransjar som har lovverk spesielt retta mot seg. Dette blir omtala seinare i dokumentet når vi tek føre oss dei ulike bransjane våre.

### **6.1.1 Eigarstyring, kvitvasking og korrupsjon**

Banken har nulltoleranse for kvitvasking, terrorfinansiering og korrupsjon hos kundane våre, men også hos leverandørar og andre forretningspartnarar. Sparebanken Sogn og Fjordane er forplikta til å kjempe mot korrupsjon, utpressing, bestikking, kvitvasking, svindel, terrorfinansiering og finansiering av andre kriminelle handlingar. Banken forventar at verksemdar vi har som kundar handlar i tråd med våre policyar og retningslinjer for kvitvasking, terrorfinansiering og korrupsjon, spesielt med fokus på at dei opplyser offentleg om kven som



er selskapet sine reelle eigarar, med fullt namn, fødselsdato, nasjonalitet, bustadland, tal aksjar i kvar kategori og eventuell eigar- og/eller kontrollandel i verksemda.

### **6.1.2 Tilsette sine rettigheter**

For Sparebanken Sogn og Fjordane er det viktig at verksemdene vi har som kundar handsamar sine tilsette rettferdig og med respekt. Dette bidreg til å tryggje langsiktig stabilitet i verksemda, sidan engasjerte, motiverte og produktive tilsette ofte fører til ein meir vellukka verksemd. Vi meiner at dette bidreg til å redusere kredittrisiko for banken. Ei verksemd som handsamar sine tilsette godt, vil bidra til å skape eit betre forretningsmiljø og ein sterkare lokaløkonomi, noko som vil vere til glede for både banken og det regionale næringslivet som heilskap.

### **6.1.3 Likestilling og barnearbeid**

For banken er det viktig å ha fokus på å sikre at kundar vi skal finansiere har klare retningslinjer knytt til likestilling og barnearbeid. Likestilling og forbod mot barnearbeid er viktige prinsipp som er allment anerkjend som grunnleggjande menneskerettar. Å støtte selskap som etterlev desse prinsippa kan bidra til å skape eit meir rettferdig samfunn, noko som kjem banken og lokalsamfunnet som heilheit til gode. I tillegg er verksemd som har klare retningslinjer for likestilling og barnearbeid veldrivne og ansvarlege verksemdar, noko som kan gje indikasjon på kredittrisikoen for banken.

### **6.1.4 Vern av vasskjelder**

Banken forventar at verksemdene vi yter kreditt til tek omsyn til og reduserer risikoen for vassforureining og vassmangel. Vi forventar òg at selskapa vi finansierer gjer tilstrekkelege analysar av vassbehovet sitt og prøver å bruke så lite vatn som mogleg i sine aktivitetar.

Før dei startar verksemd i område der vassmangel er ein kjent utfordring, skal selskapa gjennomføre ein analyse av moglege konsekvensar for vassføring og -tilgang. Dette gjeld òg for område der inngrep kan ha stor innverknad på vasstand i elvar og nivå på grunnvasstand. Dersom ei verksemd sine aktivitetar forbrukar store mengder vatn, bør dei ikkje etablere seg i område eller regionar med kjent vassmangel, og der lokalbefolkninga sin rett til tilgang på reint vatn kan bli broten.

### **6.1.5 Vern av naturmangfald**

Sparebanken Sogn og Fjordane ønskjer å bidra til å verne mangfaldet i naturen, som er viktig for å bevare helsa og integriteten til økosystema. Dette kan føre til mange fordelar, som rein luft, reint vatn, fruktbar jord og eit rikt dyreliv. I tillegg kan vern av naturmangfaldet dempe effektane av klimaendringar. Difor ønskjer ikkje banken å finansiere verksemd som vesentleg skadar mangfaldet i naturen. Sparebanken Sogn og Fjordane støttar også vern om område på





UNESCOs verdsarvliste<sup>3</sup> og våtmark registrert i Ramsarkonvensjonen<sup>4</sup>. Banken finansierer heller ikkje selskap som er involvert i handel med dyre- og planteartar som bryt CITES sine krav<sup>5</sup>, eller som trugar bestandar på IUCN si raudliste over truga artar<sup>6</sup>.

Banken forventar at våre kundar hindrar negative konsekvensar på UNESCOs verdsarvstader og hindrar negative konsekvensar for verneområde som fell inn under Ramsarkonvensjonen om våtmarker i sin forretningsdrift og områda dei forvaltar. Verksemd som banken finansierer skal også ta omsyn til biodiversiteten og utvise aktsemd i heile si verdikjede, og inkludere klausular om etterleving av naturvern i sine kontraktar med underleverleverandørar. Banken er oppteken av at nasjonalparkar, verna landskapsområde og naturreservat blir verna i tråd med Naturmangfaldlova, og at hausting og anna uttak følgjer Naturvernlova eller tilsvarende lovverk internasjonalt. Det skal utvisast aktsemd ved introduksjon av framande artar, dyr eller planter som har ein tendens til å spreie seg og forårsake skade økonomisk, miljømessig eller økologisk.

#### **6.1.6 Genmodifiserte organismar**

Sparebanken Sogn og Fjordane har ei grunnleggjande negativ haldning til genmodifisering og bruk av genmodifiserte organismar, mellom anna til matproduksjon. Dersom verksemdar nyttar råvarer frå landbruk der det er utbreidd bruk av genmodifiserte organismar, skal delen av råvarer med usikkert opphav vere angjeven til forbrukarane. Dersom genmodifisering likevel skal nyttast, må det vere innført tydelegare retningslinjer for dyrevelferd. Banken ønskjer at verksemdene sjølve tek initiativ til reduksjon av delen råvarer basert på genmodifiserte plantar og organismar.

#### **6.1.7 Utnytting av krisar og sårbare individ**

Sparebanken Sogn og Fjordane er oppteken av at selskapa vi har som kundar handlar ansvarleg og ikkje utnyttar krisar, avhengigheit eller sårbarheit hos enkeltindivid eller samfunn til eigen profitt. Vi skal ikkje bidra til eller finansiere verksemdar som leverer varer og tenester som kan føre til brot på internasjonale konvensjonar om behandling av sivilbefolkning eller krigsfangar, eller som er relaterte til folkerettsstridige og ulovlege okkupasjonar. Dersom det er nødvendig for å sikre sivilbefolkninga i eit område, vil vi vurdere å bidra til verksemdar som leverer varer og tenester til desse områda, men med høg aktsemd og under forutsetning av at dei handlar ansvarleg og i samsvar med gjeldande internasjonale reglar og retningslinjer.

---

<sup>3</sup> [Verdensarv i Norge - Unesco](#)

<sup>4</sup> [Den norske våtmarksarva](#)

<sup>5</sup> [Handel med truede arter \(CITES\) - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

<sup>6</sup> [IUCN Red List of Threatened Species](#)



### 6.1.8 Gruvedrift

For Sparebanken Sogn og Fjordane er det viktig at gruvedrift og avvikling av gruvedrift skal skje på ein berekraftig måte. Avhending av gruveavfall skal ikkje skje i marine farvatn eller elveløp, med mindre dette er utreia som beste miljømessige alternativ og godkjent av norske myndigheiter.

Banken stiller krav om at verksemdene er sertifisert med omsyn til kriteriane i sertifiseringsordningane for enkelte mineraltypar, og at dei arbeider med relevante standardar og initiativ. Avrenning og miljøskadeleg avfall skal handterast på ein forsvarleg måte, og mengda avfall bør reduserast i så stor grad som mogeleg. Banken forventar at selskapa har implementert ein tilstrekkeleg risikostyring og har ei målsetting om null avvik knytt til handtering av gruveavfall. Dei tilsette skal ha trygge og gode arbeidsforhold kor risiko for helsa er låg. Vi forventar at verksemdene følgjer prinsippa om sikkerheit og menneskerettar.

Sparebanken Sogn og Fjordane er oppteken av at inngrep i natur skal gjerast så minimale som mogleg for gruvedrift. Det er viktig at verksemdene ikkje driv på lokalitetar kor dei miljømessige konsekvensane av ei ulykke vil vere uhandterleg. Banken forventar at verksemdene alltid tek i bruk dei beste tilgjengelege teknikkane for å redusere risiko for ulykke, og har ein beredskapsplan klar.

Banken finansierer ikkje gruvedrift som drivast opent i oljesand og tjæresand. Banken aksepterer ikkje at kundar driv med utvinning eller handel med konfliktmaterialar, utvinning av uran, asbest, termisk kol og metallurgisk kol. Vi finansierer ikkje nye kolgruver. Når ei gruve vert stengt skal verksemda ha planar for å oppretthalde miljø og helse, samt sørge for tilbakeføring av natur.

### 6.1.9 Omstridt våpenproduksjon, pornografi og tobakksindustri

Sparebanken Sogn og Fjordane tek avstand frå bransjar som bryt med våre etiske retningslinjer og verdiar. Dette inkluderer pornoindustri, tobakksindustri og delar av våpenindustrien. Banken finansierer, investerer og samarbeider ikkje med våpenprodusentar som kan knytast til brot på grunnleggande humanitære prinsipp, eller eksport til områder kor det er utbreia korrupsjon, væpna konflikt, borgarkrig eller stor sannsynlegheit for at våpen kan framkome i slike områder. Dette omfattar både framstilling, sal og transport.

### 6.1.10 Kolkraft, kolutvinning og anna kontroversiell energiproduksjon

Banken finansierer berre 100% fornybar energiproduksjon. Banken finansierer ikkje kraftproduksjon ved bruk av fossilt brensel, kol, kolgruvedrift eller kjernekraft, og finansierer derfor ikkje verksemd som er involvert i desse aktivitetane. Kundeportefølja innanfor kraft omfattar små og mellomstore regionale vasskraftverk, og banken vurderer å utvide med andre



fornybare energikjelder. Banken nyttar Oljefondet si eksklusjonsliste som ei rettleiing for å ekskludere verksemd med høg andel inntekt eller aktivitetar knytt til kolkraft. For større vasskraftverk og tilhøyrande infrastruktur krev vi at selskapa vi finansierer oppfyller World Commission on Dams sine sju prinsipp<sup>7</sup>. Vi krev òg at alle vasskraftkundar har konsesjon frå Vass- og energidirektoratet (NVE). I løpet av konsesjonsprosessen skal det ha blitt gjennomført konsekvensutredningar og avbøtande tiltak for å forhindre betydelege negative påverkingar på miljø, vatn og økosystem.

#### **6.1.11 Oljenæringa og leverandørindustri til oljenæringa**

Sparebanken Sogn og Fjordane har ikkje, og kjem ikkje til å ha kundar som borar, utvinn eller leitar etter olje og gass. Banken har derimot kundar som er underleverandørar til oljeindustrien, sidan oljenæringa har vore ein viktig faktor for økonomisk vekst i regionen og landet elles. Samtidig ser banken at bedrifter på Vestlandet posisjonerer seg for framtidige verdikjeder, då oljeproduksjonen truleg vil avta i takt med overgangen til ei fossilfri verd. Derfor ynskjer banken å bidra i denne utviklinga. Banken forventar at selskapa følgjer gjeldande lovar, reglar og miljøkrav, samt har naudsynte godkjenningar frå offentlege myndigheiter. Det er viktig at negative sosiale og miljømessige konsekvensar, inkludert verksemd som skadar trua dyreartar og moglegheita for arbeidsulukker, blir heldt på eit minimum. Sikkerheit og menneskerettar skal takast omsyn til, i tråd med gjeldande norsk regelverk og The Voluntary Principles<sup>8</sup>, og skal vere gjennomgått regelmessig.

#### **6.1.12 Kryptovaluta**

Sparebanken Sogn og Fjordane vil ikkje yte finansiering til verksemdar som har ein vesentleg del av inntekta knytt til utvinning av kryptovaluta på grunn av dei berekraftsrisikoane som er knytt til denne bransjen. Utvinning av kryptovaluta krev mykje energi og kan føre til klimagassutslepp og andre miljøpåverknadar. Verksemd med ein stor del av inntekta knytt til kryptovaluta kan stå ovanfor omdømerisiko dersom dei oppfattast som ikkje-miljøansvarlege og bidreg til klimaendringar, noko som kan føre til negativ mediedekning og tilbakeslag frå kundar. Det regulatoriske landskapet for kryptovaluta er i kontinuerleg endring, og det er ein risiko for at myndigheiter kan innføre strengare reguleringar i framtida, noko som kan påverke den økonomiske prestasjonen til verksemd i denne bransjen.

Samla sett kan utvinning av kryptovaluta og verksemd med ei stor del av inntekta knytt til denne aktiviteten ha potensial for å generere betydeleg økonomisk verdi, men nemnte

---

<sup>7</sup> [World Commission on Dams \(WCD\) Report - energypedia](#)

<sup>8</sup> [The Voluntary Principles: Voluntary Principles on Security and Human Rights](#)



berekraftsrisikoar talar for at dette ikkje er ein bransje Sparebanken Sogn og Fjordane skal vere forbunde med.

### 6.1.13 Oppsummert

Banken ønskjer å samarbeide med verksemd som følgjer banken sine retningslinjer og har god etisk åtferd. Banken ønskjer ikkje å ha kundar som vi har grunn til å tru ikkje følgjer desse retningslinjene eller driv verksemd som strider med allmennheta si oppfatning av god etisk åtferd. Dette gjeld også verksemd som har opptredd uredeleg ovanfor banken, har opptredd uredeleg ovanfor andre aktørar eller kor det er kjend at verksemda eller eigarane har vore involvert i kriminell verksemd. Banken forventar at selskap driv verksemd i samsvar med offentleg lov, forskrift og pålagte miljøkrav, og etterlever prinsippa vi har nemnt.

## 6.2 Forventningar og krav til våre bransjar

### 6.2.1 Jordbruk (landbruk og skogbruk)

Sparebanken Sogn og Fjordane finansierer ikkje tiltak som skadar miljøet eller påverkar klimaet negativt i tråd med FN sine miljømål. Oppdyrking av myr vil ikkje bli finansiert utan særskilt godkjenning frå kommunen. Skogbruk som ikkje overheld Skogbrukslova, ikkje har godkjent Skogbruksplan og ikkje følgjer Forskrift om berekraftig skogbruk, vil heller ikkje bli finansiert.

Banken støttar ikkje dyrehald som ikkje er i samsvar med gjeldande lov- og regelverk, eller som ikkje følgjer Mattilsynets råd om import og eksport av dyr, produksjonsdyr, dyretransport og slakting.<sup>9</sup> Verksemdar som bryt minimumskriterier for menneskerettar, involvert i korrupsjon, kvitvasking og liknande, skal ikkje vere kundar i banken.

Banken forventar at kundane våre har interesse for berekraftig landbruk og for korleis dei kan bidra til berekraftig produksjon på eige gardsbruk. Kundane bør også utvikle og vedlikehalde kompetanse om berekraftig matproduksjon, og ta berekraftige val i kvardagen så langt det lar seg gjere. Dei bør også tenkje langsiktig og vektlegge berekraft ved nye investeringar. Vi forventar at alle kundar tek i bruk Landbrukets Klimakalkulator for å berekne eigne klimagassutslepp og dermed får oversikt over dei største utsleppskjeldene sine.<sup>10</sup>

Landbrukskundane bør, gjennom for eksempel Klimakalkulatoren, få utarbeidd ein klimaplan for eige gardsbruk. Banken forventar at jordbrukskundane deler data og informasjon frå

---

<sup>9</sup> [Dyr og dyrehold | Mattilsynet](#)

<sup>10</sup> [Klimakalkulatoren - Klimasmart landbruk](#)



Klimakalkulatoren med oss. Banken forventar også at kundane har drift som ikkje skadar våtmark eller sårbare og beskytta naturområde/verneområde, og at dei utfører ansvarleg bruk av kjemikalier. Kundane bør handtere lagring og spreiding av husdyrgjødsel på ein måte som gir minst mogleg utslepp og avrenning, og utføre forsvarleg handtering av avfall frå eigen drift. Dei bør også unngå uansvarleg bruk av antibiotika, og følgje internasjonale eller nasjonale retningslinjer for biologisk mangfald og genteknologi.

### 6.2.2 Fiskeri

Fiskebestandane er ein viktig fornybar ressurs for oss. Sparebanken Sogn og Fjordane legg til grunn at kundane våre innan fiskerinæringa driv si verksemd på grunnlag av offentlege tillatingar og at dei følgjer dei lovar og reglar som gjeld for næringa. Alle selskapa innan fiskerinæringa har eit ansvar for å drive på ein berekraftig måte og med så lite miljøavtrykk som mogleg, sidan dei forvaltar naturressursane på vegne av fellesskapet. Det er viktig at selskapa samarbeider med myndigheiter, næringsorganisasjonar o.l. for å bidra til at ressursane i havet blir bevarte for framtidige generasjonar.

Som finansinstitusjon er det viktig for oss at kundane våre innan fiskerinæringa driver verksemd på ein ansvarleg og berekraftig måte. Derfor finansierer ikkje banken verksemdar som berre driv fiskeri på utrydningstrua artar eller som nyttar skadelege fiskemetodar. Banken skal ikkje ha kundar innan fiskeri som ikkje følgjer gjeldande lov- og regelverk.

For å sikre at kundar bidreg til ein berekraftig utvikling, forventar banken at kunde arbeider for å redusere miljøavtrykket sitt og jobbar med å redusere utsleppa frå produkta dei produserer. Dette inneber også at banken forventar at fiskerikundar tilpassar fartøya sine til det grønne skiftet, t.d. ved å installere nye energieffektive motorar, batteripakkar og kjølesystem utan freon. Til slutt forventar banken at kundane er ansvarlege innkjøparar av råvarer, slik at dei kan bidra til ein berekraftig forvaltning av naturressursane.

### 6.2.3 Havbruk

Banken finansierer havbrukskundar som har eit planverk for å minimere utfordringar knytt til fiskevelferd, herunder men ikkje avgrensa til avfallshandtering, lakselus, rømming og smitte. Banken ønskjer ikkje kundar som ikkje etterlev lov om akvakultur og andre lover og forskrifter som regulerer drift av oppdrettslokalitetar. Banken forventar at kundane våre har relevant miljøsertifisering, til dømes Global G.A.P, IFA 5.0 eller ASC.<sup>11</sup> Banken ser også etter at

---

<sup>11</sup> [Global G.A.P IFA Aquaculture \(dnv.no\)](https://www.dnv.no/global-gap)  
[ASC-standarden for ansvarlig lakseoppdrett \(dnv.no\)](https://www.dnv.no/asc)



selskapa har fokus på innkjøp av berekraftig fôr, og at kunden vurderer alternative produksjonsmetodar, som for eksempel lukka eller semi-lukka oppdrettsanlegg. Banken forventar at kundane har ein plan for å byte ut arbeidsbåtar med null- eller lågutslepps fartøy og at dei innehar plan for elektrifisering av fôrflåtar.

Sparebanken Sogn og Fjordane legg vekt på at kundane våre innan havbruksnæringa driver berekraftig og opptre som ansvarlege samfunnsaktørar. Banken ønskjer at selskapa skal gjere alt dei kan for å ivareta miljøet og sikre at det forvaltast på ein måte som også gagnar dei komande generasjonane. Systematisk arbeid med å forebygge uønskt påverknad på omgjevnadane er svært viktig, saman med fokus på fiskevelferd. Vi forventar at havbrukskundane har fokus på effektiv fôrutnytting og klimapåverknad. Systematisk arbeid med desse områda, engasjement i forskning og utvikling, samarbeid med myndigheiter/forvaltning, interesseorganisasjonar, andre oppdrettarar og leverandørar er viktig for å vidareutvikle ein berekraftig og lønsam framtid for næringa.

#### **6.2.4 Industri og bergverk**

Banken har eit stort mangfald av kundar innanfor industri- og bergverksdrift. Dette inkluderer alt i frå treforedling, kjemisk industri, sement-, aluminium- og næringsmiddelindustrien. Bransjen er svært mangfaldig og det vert utfordrande å stille konkrete driftsmessige krav og forventingar.

Banken forventar at kundane har relevant miljøsertifisering for sine produkt og produksjon, og at dei jobbar med reduksjon av forureining og klimagassutslepp frå eigen produksjon, samt energieffektivisering. Kundane må også sikre god avfallshandtering og arbeide for å redusere utslepp frå frakt av varer dei produserer.

For kundar med vesentlege engasjement, har banken krav om at dei kan dokumentere sine egne utslepp og ha ein plan for korleis dei skal redusere desse. Banken forventar at også mindre kundar jobbar med dette.

#### **6.2.5 Bygg- og anleggsverksemd**

Bygg- og anleggsverksemd står for om lag 40 prosent av klimagassutsleppa i verda. For å redusere utsleppa, må bygga bruke mindre energi og vere bygde med materialar med låge utslepp. Gamle bygg, som ofte er utette, har lite isolasjon og dårlege vindauge, har behov for mykje energi. Det er difor eit stort potensial for å spare energi i eksisterande bygningsmasse. I Norge har vi gjennom endringar i teknisk forskrift stilt krav til energieffektiviteten til nybygg,



noko som gjer at nye bygg i dag har eit lågt energibehov. Halvparten av klimagassutsleppa kjem no frå byggematerialar.

Ved bygging av infrastruktur i Norge som veg og jernbane blir det også brukt materialar med store utslepp, som betong, stål og asfalt.

Sparebanken Sogn og Fjordane har innført ei rekke krav og forventningar for å redusere klimagassutsleppa hjå bygg- og anleggskundar. Dette inkluderer krav om sluttrapport avfallsplan ved prosjektslutt, sikring av god avfallshandtering og rutinar for kjeldesortering av fyllmassar for å sikre gjenbruk og redusere forureining. Banken krev også at bygg- og anleggsprosjekt har utarbeida ein SHA-plan (sikkerheit, helse og arbeidsmiljø).

Banken forventar at kundane har ein plan for å etterleve krav frå det offentlege om fossilfrie anleggsplassar for samferdsel innan 2025, samt fokus på elektrifisering av byggeplassar og kompetanse på energieffektivisering. Banken forventar også at kundane ikkje utnyttar utanlandske arbeidstakarar, og ikkje driv med unndraging av skattar og avgifter. Gjennom å følgje desse krava og forventningane kan bygg- og anleggsbransjen bidra til å redusere klimagassutsleppa sine og bidra til ein meir berekraftig framtid.

#### **6.2.6 Eigedom**

Eigedomsbransjen spelar ei viktig rolle når det gjeld å nå Sparebanken Sogn og Fjordane sitt mål om netto klimanøytralitet. Bransjen har låge direkte utslepp av klimagassar, men har indirekte utslepp gjennom industri-, transport- og energiforsyningssektoren i verdikjeda. Dersom bygging og forvaltning blir meir berekraftig, kan dette ha stor påverknad på andre industriar og føre til store miljøgevinstar. Bransjen har sett seg ambisiøse mål om klimanøytralitet innan 2050, noko som vil krevje at store utfordringar blir løyste innan materialutnytting og at bedriftene arbeider for berekraftige løysingar.

Sparebanken Sogn og Fjordane ønskjer ikkje å finansiere investering i nærings eigedom som skal nyttast til utleige der det ikkje føreligg energiattest.<sup>12</sup> Banken finansierer ikkje oppføring av nybygg utan å ha motteke ein reguleringsplan der fysisk klimarisiko for området der eigedomen skal byggjast, er vurdert.

Vi forventar at eigedomskundar har tiltak knytt til fysisk klimarisiko, miljøsertifisering, energieffektivisering, materialutnytting, avfallshandtering og forureining. Banken forventar at større kundar har ein plan for å redusere energiforbruket, og at selskapsdokument inneheld

---

<sup>12</sup> [§ 6. Energiattest ved utleie av boliger eller bygninger](#)



klimarekneskap. Banken anbefaler at kundane gjer seg kjende med føringane i EU-taksonomien, og gjer det dei kan for å følgje taksonomikriteria.

### 6.2.7 Kraft

Sjølv om banken er eksponert innanfor fleire ulike kraftsektorar, har banken eit spesielt fokus på små og mellomstore vasskraftverk. Vasskraft har vore viktig for regionen vår i mange år, og banken trur at den vil spela ei avgjerande rolle i å sikre tilgang på fossilfri energi i framtida.

Det er viktig for banken å vere med på å støtte og drive utviklinga av denne bransjen. Utbygging av vasskraft vil føra med seg noko naturinngrep, og difor har banken nokre klare krav og forventningar til kundane våre innanfor vasskraftbransjen. Alle nye vasskraftverk må følgje nasjonale reglar og retningslinjer, som Vassdirektivet<sup>13</sup> og kriteriane i EU-taksonomien<sup>14</sup>. Vi forventar at kundane våre følgjer dei sju prinsippa fastsett av World Commission on DAMS (WCD)<sup>15</sup> ved bygging av alle typar vassinfrastrukturprosjekt. Desse prinsippa handlar om å sikre at utbygging skjer på ein måte som er berekraftig, rettferdig og respektfull mot menneske og miljø.

Som ein regional finansinstitusjon har vi som mål å bidra til å drive utviklinga av den grønne næringa i Sogn og Fjordane, og vasskraft er ein viktig del av dette. Difor forventar vi at kundane våre innanfor vasskraft nyttar den beste tilgjengelege teknologien, arbeider for å nytte fossilfrie alternativ og har ein plan for å redusere sine egne utslepp. Banken bidreg til å rådgje og støtte kundane våre slik at dei kan følgje desse krava og forventningane.

### 6.2.8 Land- og sjøtransport

Norge har mål om å bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050, og har forplikta seg til å redusere klimagassutsleppa med minst 40 prosent innan 2030. For å oppnå dette vil regjeringa at nye tyngre varebilar og lastebilar i framtida skal vere nullutsleppskøyretøy, legge til rette for at auka godstransport på dei lange distansane skal transporterast med sjø og bane, og bidra til rask innføring av ny teknologi. Samstundes vil tiltak og endringar som aukar transporteffektiviteten for transportørane også kunne føre til reduserte klimagassutslepp for ei gitt transportmengd.

Det er ein klar forventning om at ny teknologi og klimaomsyn vil prege framtidens transportbransje. Ny teknologi opnar for betre utnytting av eksisterande infrastruktur og transportmidlar, heilt nye løysingar og disruptiv utvikling innan mange sektorar i samfunnet.

---

<sup>13</sup> <https://www.vannportalen.no/regelverk-og-foringer/vanndirektivet/>

<sup>14</sup> <https://ec.europa.eu/sustainable-finance-taxonomy/activities/activity/167/view>

<sup>15</sup> <https://archive.internationalrivers.org/resources/dams-and-development-a-new-framework-for-decision-making-3939>





Dette kan medføre betydelege samfunnsendringar. Teknologeutviklinga går stadig raskare og utan påverknad frå transportmyndigheitene. Dette utfordrar dei tradisjonelle plan- og beslutningsprosessane. Banken sine transportkundar vil måtte ha eit forhold til dei teknologiske endringane og dei moglegheitene og konsekvensane desse inneber, og vil derfor vere nøyddde til å drive verksemd på ein anna måte.

Transport gir opphav til fleire typar ulemper for samfunnet, som til dømes ulukker, utslepp, støy, og slitasje. Transport på veg, til sjøs og i luft og landbruks- og anleggsmaskinar står for utslepp på nesten 16 millionar tonn CO<sup>2</sup> per år, cirka halvparten av desse frå vegtransport. Elektrifiseringa av personbilmarknaden og omsetningskravet på biodrivstoff har ført til at dei transportrelaterte utsleppa har minka dei siste åra, etter å ha vekse i fleire tiår. Transportsektoren står framleis ovanfor store oppgåver i teknologiskiftet og den grønne omstillinga.

Som finansinstitusjon er det viktig at banken støttar, rådgjev og driv kundane i riktig retning. Transportbransjen er ein av dei mest utsleppsintensive bransjane i banken, og det er derfor viktig at vi har nokre klare køyrereglar når vi tek avgjersle om finansiering til denne sektoren. Banken forventar at kundane innan sjøtransport og landtransport følger nasjonale og internasjonale bransjestandardar, nyttar den beste tilgjengelege teknologien ved investeringsbeslutningar, arbeider for å nytte fossilfrie alternativ og har ein plan for å redusere sine egne utslepp.

### **6.2.9 Petroleumsverksemd**

Sparebanken Sogn og Fjordane stiller krav og forventningar til leverandørindustrien til petroleumsnæringa når det gjeld klima og miljø. Banken forventar at kundane har ein plan for å minimere direkte og indirekte klimagassutslepp i si eiga forretningsdrift, og at selskapa tek i bruk løysingar som aukar energieffektiviteten og reduserer klimagassutsleppa. For at banken skal yte kreditt til kundar innanfor denne bransjen må det visast til konkrete tiltak og mål for å sikre at eige produkt eller teneste er klimanøytralt innan 2050. I tillegg krev banken at kundane ikkje skal etablere seg i svært verdifulle og betydelege sårbare områder. Banken anbefaler difor kundar innafor petroleumsverksemd å ta ansvar og vise til løysingar som ikkje skadar natur og miljø.

## **7 Klimarisikovurderingar i kredittprosessar**

Det er viktig for banken å utføre klimarisikovurderingar i kredittprosessar fordi klimaendringane representerer ein signifikant finansiell risiko både for banken og verksemda som søker om lån. Ved å vurdere den potensielle økonomiske konsekvensen av klimarelaterte hendingar på våre bedriftskundar, kan banken ta meir informerte avgjersle om kva for verksemd som mest



sannsynleg vil vere i stand til å betale tilbake låna sine og unngå å misleghalde kredittavtala. Dette vil hjelpe banken med å unngå økonomiske tap og støtte overgangen til ein meir berekraftig og robust økonomi.

I tillegg kan det å ta omsyn til klimarisiko ved utdeling av lån og kredittar hjelpe Sparebanken Sogn og Fjordane med å tilpasse sin regionale utlånspraksis med den internasjonale innsatsen for å kjempe mot klimaendringane og støtte overgangen til ein lågutsleppsøkonomi. For banken er det viktig å vise forplikting til berekraft og ansvarleg verksemdsstyring, som vil auke omdøme og tiltrekke seg sosialt bevisste kundar.

I samsvar med Sparebanken Sogn og Fjordane sine overordna prinsipp og policyar skal sakshandsamar i alle kredittsaker på bedriftsmarknad vurdere risikoar knytt til klima og ESG. Ifølgje banken sin overordna strategi og kredittstrategi skal klima og ESG vere tema i oppfølgingsmøter med kundar både med omsyn til banken sitt ønskje om å bidra til auka fokus og forbetring på desse områda og banken sin kredittrisiko.

### 7.1 Klimarisikovurdering

På kundar med samla kredittengasjement etter søknad på over 3 MNOK skal det gjennomførast ein klimarisiko- og ESG-analyse. For kredittengasjement over 50 MNOK skal klimarisiko- og ESG-analysen oppdaterast minimum ein gong kvart år. Denne analysen er integrert i banken sitt kredittprosesssystem som ein eigen modul. Modulen inneheld førehandsdefinerte spørsmål knytt til ulike risikofaktorar. Både risikofaktorar og spørsmål er utarbeidd, og vert periodisk revidert, av berekraftsansvarleg og kredittavdelinga i samråd med bransjeansvarlege. ESG-analyse vert utført på to nivå: ein generell ESG-analyse på kundenivå, og ein ESG-analyse på lånesaknivå spesifikt.

Analysane er hovudsakleg retta mot å avdekkje klimarisiko som ein del av kredittrisikoen ved eit eventuelt lån som er søkt om. Fysisk risiko for driftsmidlar og eigedommar vi har pant i, og risiko for bortfall av inntekter eller auka kostnader som følgje av klimaendringar eller pålegg og forbod, er sentrale delar av ei slik vurdering. Avdekka berekraftsrisiko kan i nokre tilfelle føre til at vi ikkje ønskjer å innvilge lånesøknadar. I analysane er det også spørsmål om å ivareta natur og miljø, sosiale forhold, arbeidstakar- og menneskerettar og å følgja lover og forskrifter for verksemda som vert drivne. I analysane støttar banken seg på kvalitets- og sertifiseringsordningar som bransjane sjølve har sett på agendaen, og på anbefalingar frå andre fagmiljø eller bransjeorganisasjonar.

I tillegg set banken i analysen fokus på å vurdere kunden sin kunnskap, motivasjon og planar, samt å avklare eventuelle gjennomførte tiltak for å bidra til det grønne skiftet. Bevisstgjerung og



motivering av kundar til berekraftig omstilling er også ein viktig del av dialogen banken har med kundane.

## 7.2 ESG-scoring

Etter gjennomført klimarisikovurdering og modul skal sakshandsamar, dersom verksemda driv innanfor ein bransje med høg risiko eller der gjennomført analyse gjev konklusjon høg risiko, skriftleg grunngje kvifor det likevel vert gjeve positiv innstilling på søknad om kreditt. Grunngjevinga skal innehalde oversikt over eventuelle kompenserande risikoreduserande tiltak.

Som eit tiltak for å redusere risiko kan banken vurdere å auke marginar på lån og kredittar. Det kan også vere hensiktsmessig å inkludere tilleggsvilkår i tilsegnsbrevet som krev at kunden gjennomfører relevante tiltak for å redusere klima- og ESG-risiko, samt oppfylle lovpålagde krav. Ein annan moglegheit kan vere å redusere nedbetalingstid.

## 7.3 Oppfølging, kontroll og tiltak

Kredittvurderinga til banken inkluderer ein endeleg poengsum og risikoklasse i klimarisikomodulen som eit viktig vurderingskriterium. Kredittar med høg klimarisiko, vil som nemnt tidlegare, auke tapsrisikoen til banken og kan føre til auka pris, redusert løpetid på lån eller avslag på finansiering. Dersom kunde er innanfor ei høg risikoklasse skal vi gå tidleg i dialog med kunde for forbetring og rådgje om tiltak og aktivitetar som kan redusere risiko. Dette kan vere at kredittkunden skal utarbeide og handsame ein skriftleg plan som skisserer tiltak for å bidra til omstillinga til eit meir klimavenleg og berekraftig forretningsverksemd. Planen skal vera gjenstand for årleg vurdering og handsaming av styret og vert sendt til kredittgjevar kvart år.

Gjennom offentleggjing av policyen på nettsida til banken og informasjon til kundar ved oppretting av nye kundeforhold og/eller ved handsaming av søknader om finansiering, formidlar vi våre forventningar, krav og oppmodingar til våre kundar.

Dersom banken vert kjend med at nokre av kundane våre oppfører seg i strid med denne policyen, vil vi gå i dialog med kunden for forbetring. Om denne oppfølginga ikkje fører til forbetringar, kan det i ytste konsekvens bli vurdert å avslutte kundeforholdet.

## 8 Grønt rammeverk

Gjennom utferding av grønne og berekraftige obligasjonar ønskjer Sparebanken Sogn og Fjordane å bidra til utviklinga av den grønne og berekraftige obligasjonsmarknaden, og for å



synleggjere vår berekraftsstrategi ovanfor kapitalmarknadsaktørane. I tillegg vil grøne og berekraftige obligasjonar bidra til å diversifisere Sparebanken Sogn og Fjordane sin investorbases og til å utvide dialogen til eksisterande kundar.

Dette rammeverket byggjer på grøne obligasjonsprinsipp, sosiale obligasjonsprinsipp og berekraftige obligasjonsretningar. Rammeverket gjer det mogleg for Sparebanken Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Bustadkreditt å utferde Senior Preferred obligasjonar, Senior Non-Preferred obligasjonar og Covered. Desse og andre format kan utferdast som ulike obligasjonstypar, som grøne eller berekraftige obligasjonar.

### 8.1 Tilpassa EU-taksonomien

Banken ønskjer velkomen den auka klarleiken og strukturen som EU-taksonomien og relaterte reglar bring til den berekraftige finansmarknaden. Med tanke på den omfattande mengda av noverande og komande EU-reguleringar innanfor berekraftig finans, har banken bestemt seg for å inkludere EU-taksonomien sine føringar i den grad det er mogeleg.

Tilpassinga til EU-taksonomien har blitt vurdert av Sustainalytics. Rammeverket er tilpassa:

- Med relevante tekniske screeningkriteriar
- Med relevante *Do No Significant Harm*-kriteriar
- Med minstekrava til sosiale forhold

Banken vil følgje den regulatoriske utviklinga og vil vurdere å oppdatere rammeverket tilsvarande.

### 8.2 Bruk av midlar

Nettomidlane frå grøne og berekraftige obligasjonar som banken utferdar vil vere brukt til å finansiere eller refinansiere aktiva som er kvalifiserte i form av lån som har vorte vurdert og valt av banken i samsvar med det grøne obligasjonsrammeverket.<sup>16</sup> Tilbakeblikkperioden er sett til tre år.

## 9 Offentleggjering

Det er naudsynt for banken å offentleggjere policy for berekraft og samfunnsansvar for bedriftsmarknaden fordi det gir moglegheit for Sparebanken Sogn og Fjordane å vise transparens i korleis vi jobbar for eit grønt næringsliv. Policyen skal bidra til å auke tilliten til banken hos kundar, tilsette og andre interessentar, og vise at banken tek samfunnsansvaret sitt på alvor.

---

<sup>16</sup> Bankens grøne rammeverk og kriteriane som føreligg: [Grønt rammeverk | SSF](#)



I tillegg kan policyen vere eit verktøy for banken sjølv for å måle og forbetre vår eigen berekraftspraksis og samfunnsansvar over tid. Det kan også bidra til å setje fokus på viktige utfordringar og moglegheiter i regionen, og vere til inspirasjon for andre bedrifter.

